



# Inspeksjonsrapport

Inspeksjonsrapport nummer: 1

Saksnummer: 06/2906

## Informasjon om verksemda

Namn:Lom kommune	Organisasjonsnr.: 959377677
Adresse: 2686 Lom	Telefon/e-post:
Besøksadresse: Lom Miljøstasjon	Anleggsnr.:
Kommune/kommunenr.: Lom/0514	Bransjenr. (NACE-kode):

## Til stades under kontrollen den 24.04.06

Frå verksemda: <i>Odd Arve Strandi</i>	Frå Fylkesmannen i Oppland Olav Steine og Elin Hilde
---	---

## Innhald i rapporten

Rapporten omtalar avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Følgjande hovudtema vart kontrollert:

*Drifta av mottaket, handtering av farleg avfall, blant anna lagring, deklarerer, vidarelevering.*

## Resultat av kontrollen

Fylkesmannen avdekte totalt **9 funn**, av desse **8 avvik\*** og **1 merknad\***.  
Funna er omtalt i denne rapporten.

\* Definisjon av avvik og merknader er gjeve på neste side.

## Oppfølging etter kontrollen

Inga tilbakemelding

Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som stadfester at tilhøva er retta, og som gjer greie for gjennomførte tiltak når det gjeld avvik. Pålegget er gjeve med heimel i § 49 i forureiningslova.

Frist for skriftleg tilbakemelding: **10.07.2006**

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Eventuelt vedtak om tvangsmulkt vil bli førehandsvarsla.

## A. Informasjon

### Definisjon på avvik og merknader

**Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga; t.d. brot på krav i forureiningslova, forskrifter heimla i forureiningslova eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.

**Merknader:** tilhøve som tilsynsetatane finn nødvendig å påpeike for å ivareta helse, miljø og tryggleik og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

### Handtering av farleg avfall

Farleg avfall inneheld helse- og miljøfarlege kjemikal. Det kan ikkje handterast saman med anna avfall, fordi det kan føre til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske og dyr.

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) har i kapittel 11 reglar for farleg avfall. Her er det reglar for forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall (§11-5), krav om løyve (§ 11-6 og §11-7), leveringsplikt (§11-8), deklarerering (§11-12) og tilsyn (§11-15).

Kommunale mottaksanlegg og private mottak/mellomlager for farleg avfall er anten regulert gjennom eige løyve frå Fylkesmannen eller gjennom vedlegg 2 til kapittel 11 i avfallsforskrifta (standardiserte krav).

Kontrollen har fokus på enkelte utvalde avfallstypar som kan innehalde prioriterte miljøgifter:

- PCB i m.a. bygningsmaterial som isolerglas, mørtel og fuger
- Krom/ arsen- og kreosotimpregnert trevyrke
- Bromerte flammehemmarar (BFH) i m.a. isolasjonsmaterial som EPS (isopor og liknande plast), XPS (byggeskum) og cellegummi (rørisolasjon). BFH finst og i EE- avfall

**Impregnert trevyrke** er ikkje merkt. Avfallsmottak må difor spørje etter informasjon om trevyrket slik at krom/arsen- og kreosotimpregnert trevyrke blir handtert åtskilt frå anna trevyrke.

Det same gjeld for isolerglasruter, kondensatorar eller lysarmatur som inneheld **PCB**.

Isolasjonsmaterial med **bromerte flammehemmarar** er ein ny type farleg avfall (2004) som mottaka bør vere merksame på. Denne avfallstypen kan leverast saman med anna bygnings- og rivingsmaterial. Cellegummi er ein type isolasjonsmaterial som lett kan sorterast ut som ein eigen fraksjon.

**EE- avfall** er ikkje farleg avfall før det blir behandla i eigne mottaks- og behandlingsanlegg der dei ulike komponentane med helse- og miljøskadelege stoff blir tekne ut.

## B. Avvik

Det vart påvist følgjande avvik ved kontrollen:

**Avvik 1: Verksemda handterer ikkje farleg avfall i samsvar med krav.**

**Avvik frå:**

- § 11-13 i avfallsforskrifta om plikter for den som handterer farleg avfall.
- Vedlegg 2 til kapittel 11 om farleg avfall i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), jf. § 11-7e i forskrifta

Grunnlaget for avviket er kryssa av nedanfor:

- a) Verksemda har ikkje korrekt journalføring av motteke farleg avfall (vedl. 2 pkt. 9)**
- b) Verksemda har ikkje tilfredsstillande lagring av farleg avfall (vedl. 2 pkt. 7.4)**
  - b 1*  **PCB-haldig avfall ( isolerglasruter/kondensatorar)**
  - b 2*  **Krom/arsen- og/eller kreosotimpregnert trevyrke**
  - b 3*  **Lagring av bilbatteri**
- c) Verksemda har ikkje tilfredsstillande emballering/merking av lagra farleg avfall (vedl.2 pkt 6.2 og 6.3)**
- d) Verksemda overskrid lagringstida for farleg avfall (vedl.2 pkt. 7.4)**
- e) Verksemda leverer ikkje farleg avfall vidare til godkjend sluttbehandlar (vedl. 2 pkt. 7.4)**
  - e 1*  **PCB-haldig avfall ( isolerglasruter/kondensatorar)**
  - e 2*  **Krom/arsen- og/eller kreosotimpregnert trevyrke**
- f) Deklarasjonsskjemaet er ikkje tilfredsstillande utfylt (vedl. 2 pkt 8)**
  - f 1*  **manglar i EAL-kodar**
  - f 2*  **feil EAL-kode**
- g) Verksemda har ikkje løyve til handtering av farleg avfall (§ 11-6 i avfallsforskrifta og forureiningslova § 7 og § 28, jf. § 29)**
  - g 1*  **PCB-haldig avfall ( isolerglasruter/kondensatorar)**
  - g 2*  **Krom/arsen- og/eller kreosotimpregnert trevyrke**
- h) Avfallet er ikkje tilstrekkeleg sikra mot uvedkomande utanom opningstida (vedl. 2 pkt. 7 el. løyve)**
- i) Anna (kva):**

**Kommentarar:**

- 
- a) Verksemda fører ikkje journal i samsvar avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 2, pkt 9.**

*Den som driv mottaksordning av farleg avfall skal føre journal som omfattar dei naudsynte opplysningane om farleg avfall. Dette er ikkje gjort.*

---

---

**b) Verksemda har ikkje tilstrekkeleg lagring av avfall. Jf avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 2 pkt 6.2 og 6.3**

**b 1**, Knuste isolerglassruter med innhald av PCB var ikkje sikra mot avrenning og forureining av grunn. Det vart og gjort funn av isolerruter som kan ha innhald av PCB på avfallsfylling inne på området. Farleg avfall skal ikkje blandast med anna avfall. Isolerglassruter med innhald av PCB skal lagrast på ein slik måte at dei ikkje blir utsett for ytre påverknad i den grad at dei kan bli knust. Isolerruter med PCB bør lagrast i eigen container og merkast som PCB-haldig avfall.

**b 3**, Lagring av bilbatteri er ikkje tilstrekkeleg sikra for å unngå forureining ved lekkasje. Batteri lagrast på pall utan sikring mot avrenning.

---

**e) Verksemda leverer ikkje farleg avfall vidare til godkjend sluttbehandlar (vedl. 2 pkt. 7.4**

Impregnerert trevirke blir ikkje levert til godkjent mottak. Dette blir levert til NGR sitt sorteringsanlegg på Myrmoen i Sel kommune. NGR har ikkje løyve til mottak og mellomlagring av farleg avfall.

---

**f) Deklarasjonsskjemaet er ikkje tilfredsstillande utfylt (vedl. 2 pkt 8)**

Det blir ikkje skrive ut deklarasjonsskjema ved vidaresending av impregnerert trevirke. Stasjonen mottek små mengder farleg avfall frå verksemdar i kommunen, men mangel på føring av journal gjev liten oversikt over omfanget.

---



**Avvik 2: Verksemda har mangelfull internkontroll.**

**Avvik frå: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5 andre leden pkt. 1-8.**

Grunnlaget for avviket er kryssa av nedanfor (avviket er ikkje basert på ein fullstendig gjennomgang av internkontrollen)

- a) Verksemda kjenner ikkje til sine plikter for handtering av farleg avfall (pkt.1)
- b) Opplæring og kompetanse er mangelfull (pkt. 2 og 3)**
- c) Verksemda har ikkje dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall, eller rutinane er mangelfulle (pkt.7)**
- d) Verksemda utfører ikkje tilfredsstillande risikovurdering av aktivitetane sine og /eller har mangelfulle handlingsplanar for å redusere risiko for uønskte hendingar (pkt. 6)**
- e) Beredskapen ved uhell er mangelfull (pkt. 7)
- f) Anna (kva)

**Kommentarar:****b) Opplæring og kompetanse er mangelfull (IK § 5, pkt 2 og 3)**

Det er felles driftsoperatør med kommunane Skjåk og Vågå. Driftsoperatøren har ikkje tilstrekkeleg kunnskap innanfor dei oppgåvene han er sett til og som kommunen har ansvar for. Driftsoperatøren var ikkje med under denne kontrollen, men har ved kontrollen i Skjåk uttrykt ønskje om ei betre opplæring på dette området. Dette med omsyn til utfylling av deklarasjonsskjema, kjennskap til gjeldande krav i lover og forskrifter for mottak av farleg avfall.

**c) Verksemda har ikkje dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall, eller rutinane er mangelfulle (pkt.7)**

Verksemda har mangelfull dokumentasjon på kva slags rutinar som er lagt til grunn for mottak og vidare handtering av farleg avfall. Kommunen må forsikre seg om at utarbeidde dokument i IK-systemet innanfor dei ulike ansvarsområda, er kjent for arbeidstakarane.

**d) Verksemda utfører ikkje tilfredsstillande risikovurdering av aktivitetane sine og /eller har mangelfulle handlingsplanar for å redusere risiko for uønskete hendingar (pkt. 6)**

Det er ikkje utført risikovurdering av aktivitetane omkring handtering av farleg avfall eller etterfølgjande handlingsplanar for å redusere risiko eller uønskete hendingar for dette området i verksemda.

**Andre avvik:****Merknader**

Det er gjeve følgjande merknader i samband med kontrollen:

 **Merknad 1:**

## Verksemda

- er ikkje kjend med avfallstypar som kan innehalde bromerte flammehemmarar
- etterspør ikkje informasjon frå leverandør av bygg- og rivingsavfall om dei har slikt avfall
- etterspør ikkje om isolasjonsmaterial er utsortert
- etterspør ikkje om verksemdene har farlig avfall

**Kommentarar:**

---

Driftsansvarleg i kommunen fekk under kontrollen delt ut SFT sitt informasjonsmateriale vedk. aksjonen: TA-2163/2006, TA-2164/2006, TA-2165/2006 og TA-2166/2006. I tillegg kopi av kap. 11 Farleg avfall i avfallsforskrifta.

---

**D. Andre kommentarar**

---

Fylkesmannen hadde forventa ut frå tidlegare kontrollar og Lom kommune si attendemelding i brev av 26.05.06, at situasjonen ved miljøstasjonen i Lom miljøstasjon hadde endra seg og at tidlegare avvik, jf avvik i inspeksjonsrapportar av 05.05.04, var retta opp og imøtekome. Fylkesmannen ser svært alvorleg på at inspeksjonen også denne gongen registrerer avvik som i følge Lom kommune si attendemelding skulle vore lukka frå den tidlegare kontrollen.

Det kjem og klart fram under kontrollen at det har vore ulike tolkingar mellom Lom kommune og NGR om kven som har hatt driftsansvaret for mottak av farleg avfall ved stasjonen. Fylkesmannen vil derfor tilrå at dette blir teke opp i kommunen og snarleg avklara med NGR.

Miljøstasjonen har mangelfull skilting som viser kor dei ulike avfallsfraksjonane skal leverast. Med bakgrunn i driftsoperatøren sine opplysningar ved inspeksjonen i Skjåk, er det også ved denne stasjonen for liten bemanning. Dette gjer at publikum ikkje får den rettleiinga som trengst for at miljøstasjonen skal fungere som planlagt. Fylkesmannen vil tilrå at ansvarleg for drifta ved stasjonen vurderer fleire tilsette i opningstida for å få ein betre kontroll over farleg avfall som kjem inn på stasjonen og med det betra servicetilbodet til publikum. Det er og manglar på dokumentasjon i verksemda sitt IK-systemet. Det må difor snarleg innarbeidast rutinar som sikrar at avfallsmottaket etterkjem fastsette krav i lover og forskrifter for mottak og mellomlagring av farleg avfall.

---